

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 17. september 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Jan Erik Brudeli	BankID OIDC	2025-09-18 15:56:29
Lars Tore Helgeland	BankID OIDC	2025-09-18 14:33:13



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Time kyrkjelege fellestråd

Dato og tid: 17.09.2025, 14:00

Stad: Møterom kontor Bryne

Saksmappe: TKF2025-96

Til stades: Willy Finnbakk (leiar), Lars Tore Helgeland (Nestleiar), Jostein Aarbakke Tollaksen (sekretær), Ivar Risa (Medlem), Jan Erik Brudeli (Medlem), Sverre Risa (Medlem), Nadine Vaagen (Varamedlem), Siri Vik (Andre innkalte)

Forfall: Iren Lassen (Medlem), Lars Sigurd Tjelle (Medlem), Tordis Sandvik (Medlem)

Protokollfører: Jostein Aarbakke Tollaksen

Lars Tore Helgeland har opning på neste møte - 29.oktober

Sakslista

Faste Saker

021/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtesaker

022/25 Tertialrapport 2. tertial 2025

023/25 Budsjetjustering

024/25 Organistressurs på Lye

025/25 Planlagte innkjøp/innvesteringer

026/25 Samarbeid med Time kulturskule om orgelundevisning

027/25 Verdiredningsplan - utarbeiding av plan for Time, Bryne og Undheim kyrkje

Orienteringssaker

00008 Referat frå møte om innspel til økonomiplan

00009 Carlseneigedommen - framtidsscenario

00010 Barnehageforliket - moglege konsekvensar

00011 Høring om forslag til endret prostiinddeling i Stavanger bispedømme

00012 Revisjonsberetning rekneskapsåret 2024

021/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	17.09.2025	021/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

022/25 Tertialrapport 2. tertial 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	17.09.2025	022/25

Saksframlegg

Barnehagen i Bryne kyrkje

Tertialrapporten for barnehagen viser ein nøkter bruk av økonomiske ressursar. Pga statens vedtak om redusert foreldrebetaling er denne posten noko låg, men dette vil kompenseras med autt tilskot frå kommunen. Elles har barnehagen spart inn ein del på vikar for sjukdom der det har vore forsvarleg innafor bemanningsnorma.

Fellesrådet

Det er ført ganske stort overforbruk på art 1203 og 1241. Dette skyldast omlegging til nytt IKT system. Etter lovnad frå økonomisjef i Time kommuen vil kan me få overført omlag 150 000 av dette til investering. Drifts og serviceavtalar på bygg og anlegg er og overskride betydeleg. Dette bør rettast i revidert budsjett. KLP kostnaden er og betydeleg høgare enn budsjettet, men her kan det vera ei feilføring mellom fellesrådet og barnehagen. Lønningsavdelinga på kommunen er på saka. Elles viser tertialrapporten at me held og forholdsvis greit innafor budsjettet.

"Trusopplæring" har eit stort overskot pr. i dag på grunn av stort sjukefråvær. Om me ikkje bruker opp dette vil me frå redusert tilskot neste år.

Refusjon til kyrkjeleg undervisning og læring samt diakon er utbetalt og ført for heile 2025.

Gravplassforvaltinga har og eit stort overskot. Dette skal overførast på disposisjonfond ved årsavslutninga og kan ikkje nyttast til andre formål.

Undheim barnehage

Drifta i Undheim barnehage vart overført til Time kommune frå 1. april i år. Rekneskapet for dei første 3 månadane viser eit stort overforbruk på 994 000, for det meste lønnskostnadar. Det har tidlegare år og vist set at det er ubalanse i kor tid kostnadar og inntekter kjem gjennom året. Kyrkjeverje og assisterande kyrkjeverje skal ha eit møte med Time kommune om dette 11. september.

Forslag til vedtak

Tertialrapporten vert teken til etterretning.

Møtebehandling

Siri oppdaterer i møte med korrekte tal etter at me ikkje får høve til å flytta driftsmidler over til investering i samband med overgang til nytt ikt-system

Vedtak

Tertialrapporten vert teken til etterretning.

Rådet avventer ei forklaring på merforbruk på 994' for 1. kvartal på Undheim barnehage.

023/25 Budsjettjustering

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	17.09.2025	023/25

Saksframlegg

I fylgje økonomireglementet § 2.3 er kyrkjeverje ansvarleg for at rådet blir informert når det oppstår større avvik frå vedtatt budsjett.

Med bakgrunn i dette føreslår kyrkjeverje fylgjande endringar i vedteke budsjett:

Drift:

- Auka fastlønn på teneste 1200 kyrkjer med kr. 35.000. Det er nå tilsett kyrkjetenarar ved gravferd som vil gje denne auken ut året. Arbeidsgjevaravgift må aukast tilsvarande, men ikkje KLP då dei går på pensjonsitlønn.
 - 1010 ny sum 1.310.500
 - 1099 ny sum 215.000
- Auka KLP med 200 000
- Auka lisens IKT frå 266 500 til 300 000 på grunn av auka lisenskostnadar ved overgang til Kirkepartnar
- Auka drift og service IKT 1241 frå 74 950 til 150.000 på grunn av auka driftskostnadar ved overgang til Kirkepartnar
- Auka drift og seviceavtalar generelt 1240 frå 134 000 til 180 000
- Flytta 25 000 frå reinhald 1260 til tilskot sokneråd 1450. Lye har overteke ansvaret for reinhald sjølv.
- Tilskot frå Den norske kyrkja 1805 er redusert med 56.000 på grunn av manglande bruk ved sjukefårvær i 2024. Her kan ein redusera lønnskostnadane på kyrkjeleg undervisning og læring tilsvarande då det har vore sjukefråvær i år og.
- Overføre 100 000 frå gravplassdrift til investering - kjøp av digitalt piano. Dette reduserer overføring til disposisjonsfond for gravplassdrift og gjer ikkje auka kostnadar i år.

Totalt vil dette utgjera auka kostnadar på omlag 400.000.

Sidan det allereie i januar blei lagt opp til eit stramt budsjett er det vanskeleg å finna kor ein ka ta inn desse auka kostnadane. Fellesrådet har i år fått overført 1,9 millioner til premiefond i KLP. Kyrkjeverje føreslår at ein bruker 400 000 av desse midla for å redusera KLP kostnadane og dermed få budsjettet i balanse.

Investering:

- 150 000 til dekking av nytt IKT system - dekkja av investeringsmidlar frå kommunen
- 50 000 til uttrekk av data frå Acos med tanke på implementering i Labora saksbehandlar - dekkja av investeringsmidlar frå kommunen
- 100 000 til digitalt piano i bårhuset - dekkja av overskot på gravplassdrift

Forslag til vedtak

Fellesrådet godkjenner budsjettjusteringane slik dei ligg føre.

Møtebehandling

Etter ny informasjon frå rekneskapsfører får me likevel ikkje overføra 150' frå drift til investering.

Med bakgrunn i dette må 1241- drift og service ikt aukast til kr 300'

Punkt 1 og 2 på investering må gå ut.

For å dekke inne dette må bruk av premiefond aukast frå 400' til 550'

Vedtak

Fellesrådet godkjenner budsjettjusteringane slik dei ligg føre, med dei endringar og presiseringar som kom fram i møtet.

024/25 Organistressurs på Lye

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	17.09.2025	024/25

Saksframlegg

Time sokneråd ber fellestrådet sjå på fordelinga av organistressurs og sørge for balanse mellom kor mykje organistressurs som er tildelt sokna. Sjå vedlegg

På Lye har det vore gudsteneste 2. kvar søndag sidan 2004, frå 2010 blei dette faste forordna gudstenester. Fram til og med 2019 brukte ein frivillege musikarar på Lye kvar gudsteneste. Før 2004 var det gudsteneste 2. kvar søndag i Time kyrkje.

Ved tilsetjing av musikalsk leiar i Time frå 2020 blei dette endra til at musikalsk leiar gjer teneste ved kyrkjelege handlingar i Time kyrkje og Lye forsamlingshus. Ved ferie og fritidsavvikling må ei pårekna teneste i Bryne og Undheim kyrkje. Før 2020 spelte organist i Time fast i Bryne når kantoren der hadde frihelg.

I fylgje Særavtale for kyrkjeleg stillingar skal organist/ kantor ha fri ei helg pr. månad. For å løysa dette brukar ein frillig musikarar på Lye ein gong i månaden. På Bryne brukar ein frivillig musikar ca. 1 gong kvar andre månad.

Kantor på Bryne er tilsett i 80 % stilling og spelar i bort i mot alle gravferder i kommunen, noko som tilsvarer omlag 20 % stilling.

Vigslar vert fordelt forholdsvis ut frå stillingsprosent på kantor Bryne og musikalsk leiar i Time. Musikalsk leiar i Time spelar i gravferder ved fritidsavvikling for kantor i Bryne. Ved ferieavvikling avløyser dei kvarandre.

Time/ Lye har 51,5 forordna gudstenester i året, Bryne har 53,5. Dette tilsvarar omlag 20 % stilling begge plassane.

For å få pesonalkabalen til å gå opp med bruk av minst mogleg vikarar har ein 1 - 2 gonger i året brukt musikalsk leiar i Time på gudsteneste i Bryne og Lye har måtta bruka frivillig musikar.

Lye får pr. i dag ein tilskot på 93.400 til dekking av kostnader ved avvikling av gudstenester. Det er ikkje lønna kyrkjetenar og klokkar på Lye.

Undheim sokn har ein 25 % ressurs til organist. Pr. i dag er det tilsett i 10 % av denne stillinga, dei restarande 15 % er brukt til vikartenester. Undheim har 27 forordna gudstenester i året. Organist Undheim spelar pr. i dag ikkje i viglar og gravferder, noko som er medrekna i 25 % stilling.

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Vedtak

Rådet går inn for å dekkja vikarutgifter slik at organisten i Time ikkje skal vikariera i Bryne når det er gudsteneste på Lye. Då skal det settjast inn ekstra vikar i Bryne når det ikkje kan løysas med frivillig ressursar.

025/25 Planlagte innkjøp/innvesteringer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	17.09.2025	025/25

Saksframlegg

Sak: Installering av kjøkkenvifte og utskifting av komfyr på tekjøkkenet i Brynekyrkja

Bakgrunn:

Tekjøkkenet i Brynekyrkja har i mange år hatt ein enkel komfyr, først og fremst brukt til oppvarming av vatn til reingjering av nattverksutstyr under gudstenester. Kjøkkenet vert òg nytta ved andre arrangement i kyrkjesalen, som til dømes "tacofredag", og fungerer som avlastingskjøkken ved utleige av kjellarlokala.

Kjøkkenet manglar avsug/ventilasjon, noko som har ført til fleire uønskte utløyste brannalarmer. Dette medfører betydelege kostnader grunna direkte varsling til brannsentralen. Sist utrykking fann stad sommaren 2025, med ein kostnad på kr 10.450,-.

Tiltak:

For å redusere risikoen for framtidige utrykkingar og forbetre funksjonaliteten på kjøkkenet, vert følgjande tiltak planlagt:

- Installering av kjøkkenvifte med avsug.
Tilbod frå Villa Ventilasjon Bryne: kr 23.000,- inkl. kjerneboring og tilpassingar.
- Framføring av straum til nytt punkt.
- Innkjøp av ny og tenleg komfyr.

Total kostnadsramme: ca. kr 35.000,-

Vedlegg:

Tilbod frå Villa Ventilasjon Bryne.

Investering i nytt instrument i Bårehuset Time.

Bakgrunn for saka:

I samband med restaurering av bårehuset ved Time kyrkje våren 2022, vart det gamle pianoet frå kyrkja flytta ut og teke i bruk der. Samstundes fekk Time kyrkje eit nytt digitalt piano, noko som gjorde flyttinga mogleg.

Instrumentet som no står i bårehuset er gammalt, har dårleg mekanikk og held ikkje stemminga. Skiftande temperaturar i bårehuset forsterkar desse problema. Begge organistane som brukar instrumentet har meldt klart frå om at det ikkje lenger er brukande.

Kyrkjeverja vurderer det som mest føremålstenleg å investere i eit godt digitalt instrument, både med tanke på kostnader og praktisk bruk. Organistane er samde i at eit digitalt piano vil vere den beste løysinga, også med tanke på storleiken på lokalet.

Det er i fellesskap peika ut eit aktuelt instrument:

Yamaha N2 AvantGrand – eit lite digitalt flygel med innebygd lyd som er godt eigna til å fylle bårehuset.

Det er funne ein brukt modell til sals for kr 85.000,- + frakt frå Bergen. Nypris på instrumentet er om lag kr 200.000,-.

Lenke til annonse:

<https://www.finn.no/recommerce/forsale/item/388183464>

Vedlegg frå Finn.

Økonomi:

Kostnaden for instrumentet vert om lag kr 85.000–90.000, inkludert frakt.

Utgifta vert ført på investeringsbudsjettet til gravplassforvaltninga.

Vurdering:

Investering i eit digitalt piano vil gi bårehuset eit stabilt og funksjonelt instrument som kan brukast ved gravferder og andre samlingar. Det vil vere ei kostnadseffektiv løysing samanlikna med vedlikehald eller nykjøp av akustisk piano, og vil sikre god lyd kvalitet og brukskomfort for organistane.

Framlegg til vedtak:

TKF vedtar å gå til anskaffing av nytt instrument til bårehuset i Time, i prisklassen kr 85.000–90.000.

Kyrkjeverja får fullmakt til å gjennomføre anskaffinga.

Kostnaden vert ført på investeringsbudsjettet til gravplassforvaltninga.

Saksframlegg: Uthenting av data frå Acos og investering knytt til overgang til ny IT-plattform

Bakgrunn:

Våren 2025 gjekk Time kyrkjelege fellesråd over frå Advania til Kirkepartner som leverandør av IT-plattform. I samband med dette vart det vurdert å byte ut Acos som saksbehandlingssystem med Public 360, som Kirkepartner tilbyr. Begge desse systema er omfattande og tilpassa store offentlege aktørar.

Fellesrådet vedtok i staden å ta i bruk Labora saksbehandlar, eit mindre og meir brukarvennleg arkivsystem som er tilpassa kyrkjeleg arbeid og rådsarbeid.

Time kyrkjelege fellesråd nytta Acos som hovudsaksbehandlingssystem frå 2019 til mars 2025. Før 2019 vart Labora nytta i ein eldre versjon. Ved overgang til ny versjon av Labora saksbehandlar vart det gamle arkivet integrert, og dekkjer no perioden frå 2000 og fram til dags dato – med unntak av Acos-perioden frå 2019–2025.

Per i dag har fellesrådet tilgang til Acos-arkivet gjennom ein Citrix-løysing levert av den tidlegare IT-leverandøren Advania. Dette er ei tungvint og kostbar løysing på sikt.

Vurdering:

Fellesrådet har fått eit grovt prisestimat frå Acos på uttrekk og eksport av data til eit format som kan importerast i Labora saksbehandlar etter Norark 5-standard. Arbeidet krev ein del manuell innsats frå Acos, og kostnaden er estimert til mellom kr 30.000 og 50.000.

Andre fellesråd i regionen, som Klepp, er eller vil snart vere i same situasjon. Det kan difor vere økonomisk fordelaktig å samordne prosessen med fleire fellesråd for å oppnå ein lågare pris.

Etter møte med økonomisjefen i Time kommune i juli 2025 vart det avklart at kostnader knytt til overgang til ny IT-plattform kan først som investering.

Forslag til vedtak:

Kyrkjeverja får fullmakt til å starte arbeidet med å hente ut data frå Acos-arkivet og gjere desse tilgjengelege i eit søkbart format, og i eit format som kan importerast i Labora saksbehandlar. Arbeidet skal gjennomførast innanfor dei estimerte økonomiske rammene, og i nært samarbeid med andre fellesråd i regionen.

Kostnaden blir dekt over investeringsbudsjettet

Forslag til vedtak

Kjøkkenvifte Bryne kyrkjeTKF vedtar å setje i gang arbeidet med installering av kjøkkenvifte og utskifting av komfyr på tekjøkkenet i Brynekyrkja, og å gjere naudsynte innkjøp innanfor ei kostnadsramme på kr 35.000,-.

Investering i nytt instrument i Bårehuset Time.TKF vedtar å gå til anskaffing av nytt instrument til bårehuset i Time, i prisklassen kr 85.000–90.000.

Kyrkjeverja får fullmakt til å gjennomføre anskaffinga som er under terskalverdi.

Kostnaden vert ført på investeringsbudsjettet til gravplassforvaltninga.

Uthenting av data frå Acos og investering knytt til overgang til ny IT-plattformKyrkjeverja får fullmakt til å starte arbeidet med å hente ut data frå Acos-arkivet og gjere desse tilgjengelege i eit søkbart format, og i eit format som kan importerast i

Labora saksbehandlar. Arbeidet skal gjennomførast innanfor dei estimerte økonomiske rammene, og i nært samarbeid med andre fellesråd i regionen. Kostnadsestimat inntil 50.000
Kosnaden blir dekt over investeringsbudsjettet

Vedtak

Kjøkkenvifte Bryne kyrkjeTKF vedtar å setje i gang arbeidet med installering av kjøkkenvifte og utskifting av komfyr på tekjøkkenet i Brynekyrkja, og å gjere naudsynte innkjøp innanfor ei kostnadsramme på kr 35.000,-.

Kostnaden vert ført på investeringsbudsjettet.

Investering i nytt instrument i Bårehuset Time.TKF vedtar å gå til anskaffing av nytt instrument til bårehuset i Time, i prisklassen kr 85.000–90.000.

Kyrkjeverja får fullmakt til å gjennomføre anskaffinga som er under terskalverdi.

Kostnaden vert ført på investeringsbudsjettet til gravplassforvaltninga.

Uthenting av data frå Acos og investering knytt til overgang til ny IT-plattformKyrkjeverja får fullmakt til å starte arbeidet med å hente ut data frå Acos-arkivet og gjere desse tilgjengelege i eit søkbart format, og i eit format som kan importerast i Labora saksbehandlar. Arbeidet skal gjennomførast innanfor dei estimerte økonomiske rammene, og i nært samarbeid med andre fellesråd i regionen. Kostnadsestimat inntil 50.000

Kosnaden blir dekt over ordinært budsjett

026/25 Samarbeid med Time kulturskule om orgelundervisning

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	17.09.2025	026/25

Saksframlegg

Bakgrunn for saka

Time kulturskule opplever frå tid til annan interesse for og spørsmål om orgelundervisning. Kulturskulen har lærarar som kan gje denne typen undervisning, men har ikkje tilgang til kyrkjeorgel.

Frå tid til annan har det vore gjort uformelle avtalar om øving på orgel, men dette har vore lite føreseieleg og ikkje ei varig løysing.

Organistane i Time og Bryne er positive til å la Time kulturskule nytte kyrkjeorgela våre til undervisning, under gitte rammer og vilkår. Samstundes er det behov for rekruttering av nye organistar, då tilgangen på kvalifiserte utøvarar er låg. Dette kan difor vere ei god løysing for både kyrkja og kulturskulen.

Vurdering

Det er ønskjeleg å få på plass eit meir formelt samarbeid mellom Time kyrkjelege fellesråd og Time kulturskule for å sikre føreseieleg tilgang til orgel for undervisning. Dette vil kunne styrke rekrutteringa til kyrkjeleg musikkteneste og gi kulturskulen eit utvida tilbod.

Følgjande moment kan inngå i ein samarbeidsavtale:

- Kyrkja stiller sine instrument i Bryne og Time til disposisjon vederlagsfritt for kulturskulen.
- Organistane våre lærer opp og godkjenner instruktørane frå kulturskulen.
- Det blir sett opp høvelege tidspunkt for øving som ikkje er i konflikt med kyrkjeleg verksemd. Ved kollisjonar har kyrkja prioritet.
- Kyrkja legg til rette for at orgelelevane kan bli integrert i program i kyrkja slik at dei får praktisert.
- Elevane får øvingstid i kyrkja under tilsyn – ikkje åleine med mindre det er avtalt spesielt med organist.
- Organistane kan om dei ønskjer det ta på seg orgelundervisning men då i regi av kulturskulen.

Forslag til vedtak

Time kyrkjelege fellesråd godkjenner på prinsipielt grunnlag bruk av kyrkjeorgel i Time og Bryne til opplæring i regi av Time kulturskule. Fellesrådet gir kyrkjevevja i oppdrag å utarbeide forslag til retningslinjer og avtale i samarbeid med organistane og kulturskulen som blir lagt fram for rådet til godkjenning.

Vedtak

Time kyrkjelege fellesråd godkjenner på prinsipielt grunnlag bruk av kyrkjeorgel i Time og Bryne til opplæring i regi av Time kulturskule. Fellesrådet gir kyrkjevevja i oppdrag å utarbeide forslag til retningslinjer og avtale i samarbeid med organistane og kulturskulen

027/25 Verdiredningsplan - utarbeiding av plan for Time, Bryne og Undheim kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	17.09.2025	027/25

Saksframlegg

Kyrkjeverja ønsker å sett igang arbeidet i dei 3 kyrkjene i sokna for å utarbeide ein verdiredningsplan for kvar av kyrkjene.

Dette skal vere ein enkel oversikt over prioriterte objekt som skal forsøkt reddast ved brann , vannskal mm.

Oversikta sør settast opp i proiritert rekkefølge med kart som viser tydeleg kor dei befinn seg, og gjene bilete av objekta.

Kyrkjeverja ser for seg at dette arbeidet blir forankra i sokna hos dei som kjenner kyrkja og historia best.

Desse planane blir vidare sendt inn til Rogaland Brann og Redning som har dei i sine system og kan få dei ut til brannmannskap raskast mogleg.

Vedlagte enkle plan frå Egersund kyrkje kan nyttast som mal.

Forslag til vedtak

Fellesrådet ber sokneråda snarast råd, og seinast innan utgangen av november 2025 å kome med forlag til slike planer.

Vedtak

Fellesrådet ber sokneråda snarast råd, og seinast innan utgangen av november 2025 å kome med forlag til slike planer.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	17.09.2025	00008

00008 Referat frå møte om innspel til økonomiplan

Informasjon

Informasjonsnotat: Møte med økonomisjef om innspel til økonomiplan

Dato for møte: 01.07.2025

Deltakarar: Leiar i fellesrådet, kyrkjeverje, økonomisjef Sami Munawar og fung. kommunalsjef Reid Ivar Bjorland

Tema: Innspel til økonomiplan for komande periode

Hovudpunkt frå møtet:

- Fellesrådet har større handlingsrom knytt til investeringsbudsjettet enn til driftsbudsjettet.
- Time kyrkjelege fellesråd vurderer om delar av dei innmelde vedlikehaldsbehova kan klassifiserast som investeringar.
- Driftstilskotet for 2025 er på kr 10,3 millionar. Innspel til driftstilskot må sjåast i samanheng med kommunen sitt økonomiske handlingsrom i den komande fireårsperioden.
- Utgifter knytt til overgang til ny IT-løysing kan førast på investeringsbudsjettet.
- Det er ikkje kome noko nytt når det gjeld finansiering av forprosjektet til nybygg.
- Kommunen er positiv til å vurdere nye eigna kontorlokale. Reid Ivar Bjorland frå eigedomsavdelinga arbeider med saka.

Oppsummering:

- Det er få moglegheiter for auke i driftsbudsjettet.
- Fellesrådet bør nytte investeringsbudsjettet der det er naturleg og forsvarleg.

Vidare prosess:

Økonomisjefen vil kalle inn til oppfølgingsmøte 2. oktober, når arbeidet med økonomiplanen har kome lenger og i god tid før kommunen legg fram planen i slutten av oktober.

Vedlegg: Referat frå møtet

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	17.09.2025	00009

00009 Carlseneiendommen - framtidsscenario

Informasjon

Sak: Vidare prosess for Carlseneiendommen og barnehagedrift

Bakgrunn

Saka om Carlseneiendommen vart handsama i marsmøtet 2025 under sak 015/25. Då vart det gjort grundig greie for eigedommen og dei årlege kostnadene knytt til den. Følgjande moment vart løfta fram:

- Avvente barnehageforliket som skulle kome våren 2025. Eit godt forlik ville vere avgjerande for vidare drift.
- Vurdere om prosjektet kan nedskaleras til eit enkelt kontorbygg for kyrkjekontoret, med moglegheit for utviding til soknerelaterte oppgåver seinare.
- Bli verande i eksisterande kontor med rimeleg leige, mot at kommunen dekkjer utgifter knytt til Carlseneiendommen.
- Vurdere om eigedommen kan seljast med så stor fortjeneste at det kan vere grunnfinansiering for nytt inngangsparti til kyrkja.
- Vurdere om eigedommen kan seljast til aktørar som kan bygge kyrkjekontor og menighetslokale kombinert med kommersielle interesser, som bustader eller næring.

Status og vurdering

Det er no tid for å ta tak i punkta frå førre møte. Det har kome eit barnehageforlik som truleg vil gje betre økonomiske rammer, men ikkje vesentleg meir enn det.

Carlseneiendommen er tett knytt til planane for ny barnehage, og prosjektet har så langt vore drifta i samanheng med nytt kyrkjekontor. Det er difor behov for å diskutere om barnehagedrifta i Brynekyrkja skal vidareførast, eller om det nærmar seg tid for avslutning.

Usikkerheit knytt til framtidig økonomi i barnehagedrift gjer det krevjande å vite korleis ein skal gripe saka vidare. Eigedommen medfører årlege netto kostnader på om lag kr 250.000–300.000, utan dekning i budsjettet.

Dersom det vert avklart at barnehagedrifta skal avsluttast, kan fellesrådet vurdere alternative utviklingsløyisingar for området.

Aktuelle scenario

1. Salsavtale med samarbeidspartnarar
Selje tomte til eit samarbeidsprosjekt med Solhøgda/hotellet, der andre står for bygging. Kyrkja får klausul og leigeavtale på kyrkjekontor og fellesareal, etter modell frå Imi-kyrkja. Dette krev ein langsiktig avtale med kommunen.
2. Utvikling av parkområde
Det planlagde parkområdet kan utviklast i samanheng med behov for leike- og parkareal i sentrum, i samband med utbygging av M44. Kyrkja eig framleis Kyrkjebakken. Jfr. diskusjonen om Smieparken i Jærbladet.
3. Nytt inngangsparti som eige prosjekt
Prissetje og utvikle nytt inngangsparti/vrimleområde/kaféareal i Brynekyrkja som eit sjølvstendig prosjekt, driven fram av sokneråd og menighet. Inkluderer heis og universell utforming.
4. Tilbakeføring av areal i kyrkjekjellaren
Kyrkja får tilbake sårt tiltrengte areal i kjellaren til bruk for barne- og ungdomsarbeid.
- 5.

Vidare prosess

Kyrkjevevja legg opp til ei eiga sak om vidare barnehagedrift i novembermøtet, med intensjon om å fatte vedtak innan utgangen av året.

Det er utfordrande å få tak i kvalifisert personale, og drifta skjer no på dispensasjon når det gjeld pedagogiske ressursar.

TKF ber kyrkjeverja parallelt om å arbeide fram alternative løysinger for Carlseneigdommen.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	17.09.2025	00010

00010 Barnehageforliket - moglege konsekvensar

Informasjon

Bakgrunn for saka:

Den økonomiske situasjonen for barnehagane i vår sektor har lenge vore krevjande. Den største utfordringa har vore dei høge pensjonskostnadene, som ikkje har blitt fullt ut kompensert gjennom tilskotet frå kommunen. Det er derfor stor spenning knytt til barnehageforliket som vart inngått i Stortinget rett før sommarferien. Diskusjonen om vidare drift av barnehagane har vore avhengig av eit godt forlik.

Kort om forliket:

Barnehageforliket 2025 er en avtale mellom flere partier i Stortinget som sikrer bedre styring og finansiering av private barnehager, med betydelig økning i bemanning og pensjonsvilkår for ansatte.

Barnehageforliket er en avtale som ble inngått mellom regjeringspartiene Arbeiderpartiet (Ap), Senterpartiet (Sp), Høyre, Venstre, KrF og Pasientfokus. Avtalen har som mål å etablere et nytt regelverk for styring og finansiering av private barnehager, og den ble presentert i Stortinget i 2025. Dette forliket er en oppfølging av tidligere avtaler og har som hensikt å sikre forutsigbare rammevilkår for barnehagesektoren.

Viktige punkter i forliket

1. Økt bemanning: Det er avtalt en betydelig økning i bemanning i barnehagene, med 550 millioner kroner ekstra i statsbudsjettet for 2025, i tillegg til 250 millioner kroner som allerede var foreslått av regjeringen.
2. Finansiering av pensjon: Forliket sikrer at ansatte i private barnehager får gode pensjonsvilkår, på nivå med kommunale barnehager. Dette inkluderer alderspensjon, AFP, uførepensjon og tilhørende forsikringer.
3. Regulering av private barnehager: Det er enighet om prinsipper for driften og økonomien til private barnehager, og regjeringen vil legge frem et lovforslag basert på avtalen i løpet av våren 2025.
4. Høringsprosess: Forslagene i forliket er sendt på høring, og det forventes at de første endringene kan tre i kraft høsten 2025.

Barnehageforliket 2025 representerer et viktig skritt mot bedre forhold for både ansatte og barn i barnehagesektoren. Med økt bemanning og sikring av pensjonsrettigheter, er det håp om en mer bærekraftig og forutsigbar fremtid for private barnehager i Norge. For mer informasjon kan du se på de relevante kildene som diskuterer detaljene i avtalen.

Regjeringen.no

Ny barnehagelov ble nylig vedtatt i Stortinget. Loven gir forutsigbarhet for barnehagene og et mer treffsikkert pensjonstilskudd som legger til rette for at ansatte i private barnehager kan få like gode pensjonsvilkår som kommunalt ansatte. Nå vil regjeringen ha innspill til forskriften til loven.

Det er bred enighet om behovet for et oppdatert regelverk for barnehagesektoren, og dette er regelverksarbeid som har pågått over mange år. Derfor er jeg glad for at et flertall av partiene på Stortinget i vår ble enige om de store linjene for hvordan finansieringen og styringen av barnehagesektoren skal se ut framover, sier kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun (Ap).

Forslaget som nå blir sendt på høring, bygger på det brede barnehageforliket fra i høst. Forskriften utfyller barnehageloven, med mer detaljerte regler om tildeling av tilskudd til private barnehager.

Her er de viktigste endringene regjeringen foreslår:

Driftstilskuddet utgjør størstedelen av tilskuddene til private barnehager og videreføres i stor grad som , men regjeringen åpner for at det kan gis ekstra tilskudd til barnehager med spesielle driftsforutsetninger eller behov i barnegruppen. Det kan for eksempel være barnehager i levekårsutsatte områder med behov for ekstra bemanning eller annen forsterking av tilbudet.

Pensjonstilskuddet til de ansatte skal ta utgangspunkt i faktiske lønnskostnader og pensjonsvilkår i private barnehager. Det vil gi et mer treffsikkert tilskudd og skal legge til rette for at ansatte i private barnehager skal kunne ha likeverdige pensjonsvilkår som ansatte i kommunale barnehager.

En **egen overgangsordning** for det samlede tilskuddet skal sikre forutsigbarhet for barnehagene og sørge for at endringer kan innarbeides på en helhetlig og god måte.

Det nye lovverket skal gi barnehagene, foreldre, ansatte og kommunene et godt og forutsigbart regelverk for fremtiden, og er viktig for å sikre likeverdige barnehagetilbud av høy kvalitet. Og jeg ser frem til å lese høringsinnspillene, sier Nordtun.

Regjeringen inviterer alle som ønsker til å si sin mening om forslaget og vil også invitere partene i barnehagesektoren til et innspillsmøte raskt etter sommeren.

Fristen for å komme med høringssvar er 30. september 2025.

[Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

Info fra KA:

I følge Jens A. Bjelland i KA vil forliket gi bedre/god dekning knyttet til pensjon for barnehager i vår sektor og vil være en klar forbedring.

Når det gjelder investeringstilskudd og regler knyttet til investering kontra vedlikehold er forliket mer uklart. Det legges opp til at regelverket skal være fullt ut implementert i 2027

Det er overveiende stor sannsynlighet for at barnehagen vår i Brynekyrkja vil drive med underskudd de neste 2 årene.

Kirkevergen legger opp til en bredere diskusjon om fortsatt barhagedrift i novembermøte.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	17.09.2025	00011

00011 Høring om forslag til endret prostiinndeling i Stavanger bispedømme

Informasjon

Saksorientering

Stavanger bispedømmeråd gjorde i møte 31.10.2024 følgende vedtak:

Stavanger bispedømmeråd ber om at det igangsettes et arbeid med gjennomgang av prostiinndelingen i Stavanger bispedømme. Det nedsettes en bredt geografisk sammensatt arbeidsgruppe som gis som mandat å utrede behovet for endringer av prostiinndelingen, og eventuelt fremlegge begrunnede endringsforslag.

Arbeidsgruppa har følgende sammensetning:

1. En prost
2. En kirkeverge
3. En arbeidstakerrepresentant
4. En representant fra kirkelig fellesråd
5. En representant fra et menighetsråd
6. Stiftsdirektøren

Stiftsdirektøren leder arbeidsgruppa og ivaretar sekretærfunksjonen. For å sikre at arbeidsgruppa ble bredt geografisk sammensatt, utvidet stiftsdirektøren arbeidsgruppa med to medlemmer. Arbeidsgruppa har hatt følgende sammensetning:

1. Willy Finnbakk, leder Time kyrkjelege fellesråd
2. Magnhild Meltveit Kleppa, leder Hjelmeland sokneråd
3. Knut Pettersen, leder Egersund menighetsråd
4. Ivar Raugstad, leder Stavanger kirkelige fellesråd
5. Ove Sjørnsen, prost i Karmøy
6. Ottar Krakk, kirkeverge i Tysvær
7. Silje Barkved Fossan, hovedtillitsvalgt (HTV) for Spir i Stavanger bispedømme
8. Jorunn Kraft Vistnes, stiftsdirektør

Arbeidsgruppa har hatt tre møter. Arbeidsgruppa har nå lagt fram en rapport til Stavangerbispedømmeråd med vurderinger og anbefalinger.

Sak:26/25 Høring om forslag til endret prostiinndeling i Stavanger bispedømme - 24/02821-2
Høring om forslag til endret prostiinndeling i Stavanger bispedømme

Rapporten inneholder en oversikt over saksbehandlingsregler for kirkelig inndeling og en redegjørelse om prostens oppgaver og funksjoner. Deretter er det en grundig drøfting av hvilke faktorer som har betydning for hvordan bispedømmet bør være inndelt i prostier.

Arbeidsgruppa gir fem anbefalinger til bispedømmerådet:

1. Beholde prostier som er sammenfallende med fellesrådsområdene. Dette betyr at det ikke gjøres endringer som berører Karmøy prosti og Sandnes prosti.
2. Grensene for Ryfylke prosti beholdes slik de er i dag.
3. Flytte soknene i Finnøy og Rennesøy fra Tungenes prosti til Ytre Stavanger prosti.
4. En sammenslåing av Stavanger domprosti og Ytre Stavanger prosti etter at det har skjedd en erfaringsinnhenting gjennom et forsøksprosjekt.
5. Dalane prosti, Jæren prosti og Tungenes prosti slås sammen slik at det blir to prostier.

Bispedømmerådet har nå mottatt anbefalinger fra arbeidsgruppa. Disse anbefalingene vil berøre både kirkelig tilsatte og rådsorganer. Det vil nå være hensiktsmessig å gjennomføre en høring blant de berørte for å innhente innspill og synspunkter som grunnlag for bispedømmerådets behandling av en sak om endringer av prostiinndelingen i Stavanger bispedømme.

Stavanger bispedømmeråd kan behandle en sak om eventuelle endringer i prostiinndelingen i sitt møte 18. november 2025. Høringsperioden kan starte 12. september 2025 med utsending av hørings spørsmål og arbeidsgruppas rapport. Dersom høringsfristen settes til 31. oktober 2025, vil dette gi mulighet til rådsorganene å behandle saken i møte.

Høringsforslaget ble drøfte i møte med kirkevergene i Time, Klepp, Hå og Gjesdal og Protsen i Jæren (G4-fellesskapet) 9. september 2025

Kirkevergene ønsker å legge fram en alternativ inndeling.

I det opprinnelige forslaget fra arbeidsgruppa deles Jæren prosti i to der Hå og Gjesdal går til Dalana og Time og Klepp går til Sola, Randaberg og Kvitsøy.

Kirkevergene foreslår at Time, Klepp og Hå går sammen med Dalane, og Gjesdal og Sola blir lagt sammen med Sandnes.

- Vedlegg:
 - eget høringsnotat fra arbeidsgruppa.
 - Eget innspill til ny inndeling fra kyrkjevevjene i Jæren prosti
 - Sakspapirer Bispedømmerådet - møte 10. sept 2025

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	17.09.2025	00012

00012 Revisjonsberetning rekneskapsåret 2024

Informasjon

Kyrkjeverja har motteke revisjonsberetning frå Rogland Revisjon for reknskapsåret 2024. Rekneskapan er godkjent utan merknader.

Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 17. september 2025

Navn

Lars Tore Helgeland

Dato

2025-09-18

Navn

Jan Erik Brudeli

Dato

2025-09-18

Identifikasjon

 Lars Tore Helgeland

Identifikasjon

 Jan Erik Brudeli



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))